



Jostein og Lars Jostein med sjukilosfisken (Foto: Randi Almås)

Låg vassføring har hemma fiskeoppgangen i den siste tida. Difor er det både gledeleg og overraskande at det er teke ein villaks på 7,5 kilo.

Jostein Almås frå Sagvåg på Stord er den dyktige og heldige fiskaren, som vert ein stadig meir entusiastisk fiskar i Uskedalselva. Rapportane fortel at dette er den nest største fangsten i denne sesongen.

Jostein har røter i Norangsdalen på Sunnmøre og det var der han først fant tonen som laksefiskar. Då var han berre 7 år.

I vår elv debuterte han i 2009 og hadde litt av ein start ettersom han då fekk 20 kilo fisk på 4 dagar. Sidan har han vore på fast plass i Øyro Marina kvart år og han beklagar sterkt at han ikkje var ved elva då fisket starta 15. juni.

- Eg var i Syden og hadde det ikkje godt den dagen, seier Jostein. Han har gått svært grundig til verks når det gjeld å kartleggja elva og sjansane til å få fisk på ymse stader under varierende tilhøve. Etter kvart har han fått klart for seg kor sjansane er størst utan at han vil gå ut offentleg med det. Årets resultat så langt er 5 laksar og 2 aurer og den nest største laksen vog 4 kilo.

Jostein er også oppteken av at den yngre generasjon skal få skikkeleg rettleiing i å fiske og av at dei får nytta bra utstyr heilt frå starten. Kona Randi og ungane Lars Jostein (3) og Frida (9) er allereie ivrige fiskarar.

Av Ola Matti Mathisen

